

Standardvedtekter for fylkesledd i Studieforbundet kultur og tradisjon

— vedteke på årsmøtet 2010.

§1.FØREMÅL

Fylkesledda i Studieforbundet kultur og tradisjon:

- Skal organisera og legge tilhøva til rette for folkeopplysing og opplæring i medlemsorganisasjonane, innafor ramma av Lov om Vaksenopplæring.

§2 ARBEIDSOPPGÅVER FOR FYLKESLEDDET

- vere samarbeidsorgan mellom medlemsorganisasjonane i Studieforbundet kultur og tradisjon i spørsmål som handlar om vaksenopplæring i regionen.
- på vegne av alle medlemsorganisasjonar i Studieforbundet kultur og tradisjon søke om regionale middel og fastsetta bruk av dei.
- vere medlem av regionalt VOFO og arbeide for eigen styrerepresentasjon i regionstyret i VOFO.
- gjennom VOFO, saman med dei andre studieforbunda i regionen, arbeide for å utvikle samarbeidet med fylkeskommunen, og betre dei regionale rammevilkåra.
- gjera synleg eigen opplæringsaktivitet i regionen og spreie aktuell informasjon om arbeidet for vaksne si læring i fylket til medlemsorganisasjonane i Studieforbundet kultur og tradisjon.

§3. MEDLEMSKAP

Fylkesleddet av Studieforbundet kultur og tradisjon skal vere sett saman av medlemsorganisasjonar i Studieforbundet kultur og tradisjon som har eige fylkesledd og som har opplæringsaktivitet i fylket.

§4. ÅRSMØTET

Årsmøtet blir gjennomført kvart år før utgangen av mai månad og handsamar følgjande saker:

1. Styret si årsmelding
2. Revidert rekneskap
3. Innkømne saker
4. Val

Innkalling sendast til medlemsorganisasjonane seinast 4 veker før møtet.

Ekstraordinært årsmøte kallast inn av styret eller når 1/3 av medlemsorganisasjonane krev det.

Medlemsorganisasjonane må få varsel om ekstraordinært årsmøte seinast 4 veker før møtet.

Saksdokument må sendast seinast 2 veker før møtet.

Om fylkesstyret ikkje kallar inn til fylkesårsmøte innan fristen, kan Studieforbundet sentralt kalle inn og avvikle møtet.

§5. ÅRSMØTET SIN SAMANSETTING

Årsmøtet settes saman av representantar frå medlemsorganisasjonane i Studieforbundet kultur og tradisjon. Se §3. Stemmerett har dei organisasjonar som har hatt studieaktivitet føregåande år etter denne nykkjelen;

0 - 500	studietimar	1 stemme
501 - 1000		2 stemmar
1001- 2000		3 stemmar
2001- 5000		4 stemmar
5001		5 stemmar

Organisasjonar som ikkje har hatt studieaktivitet kan møte med rett til å tale og koma med framlegg på møtet.

Vedtak blir gjort ved simpelt fleirtal.

§6. STYRET

Styret kan ha 3-5 medlemmar, av desse; leiar, kasserar og sekretær.

Alle blir valt for eit år om gangen.

Vi tilrår at medlemmane i styret er tillitsvalt/tilsett i eigen medlemsorganisasjon.

§7. VEDTEKSENDRING

Viss fylkesleddet ønskjer å avvike frå mønstervedtektene skal endringa vedtakast med 2/3 fleirtal på årsmøtet i fylkesavdelinga av Studieforbundet. Vedtektsendringar skal godkjennast av Studieforbundet kultur og tradisjon sentralt.

§8. OPPLØYSING

Spørsmål om oppløysing av fylkesledd av Studieforbundet kultur og tradisjon kan berre handsamast på årsmøtet i fylkesleddet. Forslaget må sendast til styret før 1. januar. Det er naudsynt med 3/4 fleirtal for at oppløysing kan vedtakast. Studieforbundet kultur og tradisjon sentralt skal godkjenne vedtaket.

Vedteke på årsmøtet 2010.